

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	28/23	16.03.2023

**N - Vegadresser i Nissedal - Supplering**

Vedlegg

1 Vegadresser i Nissedal

**Fakta i saka:**

I 2015 gjekk Nissedal kommune over frå å bruke matrikkeladresser til vegadresser for alle bygningar i kommunen. Formannskapet valde (sak 006/14) eit vegadresseutval til å kome med forslag til adresseparsellar og tilhøyrande vegnamn. Utvalet tilrådde for dei fleste hyttefelta områdeadressering, ikkje vegparselladressering. For tettbygde område som hyttefelt også normalt er, blei det i tillegg kantnummerering. Kommunestyret slutta seg i all hovudsak til dei prinsippa og dei område- og vegparsell-namna utvalet hadde tilrådd. Dei tildelte adressene blei deretter skilta.

Etter 2015 har kommunen godkjent utbygging i fleire nye hyttefelt. Bygg i desse områda har førebels bare blitt registrert med matrikkeladresse. Adresseringa bør derfor nå vidareførast også for desse felta, og etter same prinsipp som tidlegare er lagt til grunn ved område- og vegparselladresseringar.

Forslag til nye adresser vil bli sendt på open høyring annonsert i VTB og på kommunens heimeside og til grunneigarane, hytteeigarane v/velforeningar, Nissedal historielag og Nissedal mållag.

Ein av høyringspartane vil også vere Språkrådet v/Stadnamntenesta. Stadnamntenesta kan be Kartverket reise formell namnesak for enkeltforslag. Det vil vere aktuelt der føreslege namn ikkje er registrerte som godkjente i Sentralt stadnamnregister (SSR). Namnet kan då ikkje takast i bruk før resultatet av namnesaka er avgjort.

Etter høyringa vil forslaget kome til endeleg behandling og godkjenning i kommunestyret.

**Vurdering:**

Ut frå at adresse-suppleringa trass alt er av avgrensa omfang, og fordi det blir lagt til grunn dei same prinsippa nå som ved innføringa i 2015, finn ikkje kommunedirektøren det nødvendig å setje ned nytt-, eller reaktivere vegadresseutvalet frå 2014. Det blir i staden lagt fram ei tilråding frå administrasjonen på dei manglande adressene. Tilrådinga blir her lagt fram for formannskapet før forslaget blir sendt på høyring.

Vegadresseutvalet var i stor grad tru mot dei meir overordna føringane for adressering. Det gjaldt både lengda på (lange nok) adresseparsellar, namneval (lett forståeleg og skrivbart, og

med ei historisk tilknytning til vegen/området) og skrivemåte (etter norsk rettskriving, men så nært den nedervde uttalen på staden som råd).

Eit tema det var delte meiningar om, var valet av områdeadressering der det også kunne vore vald vegparselladressering. Konklusjonen blei at det i dei aller fleste hyttefelta blei vald områdeadressering. Kommunedirektøren meiner derfor at det er naturleg å halde på dette valet også for dei nye felta.

Dei aktuelle områdenamna er:

- Ånundsbuoddane/Ånonsbuoddane
- Svivkollen
- Buktebakken
- Nordstøyl

Alle desse namna/namneformene er ført som «godkjent» i SSR.

#### **Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal formannskap sender forslag på fylgjande nye namn for områdeadressering på høyring:

- Ånundsbuoddane eller Ånonsbuoddane
- Svivkollen
- Buktebakken
- Nordstøyl

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 16.03.2023**

#### **Behandling:**

Votering: samrøystes for kommunedirektøren si tilråding

#### **Vedtak:**

Nissedal formannskap sender forslag på fylgjande nye namn for områdeadressering på høyring:

- Ånundsbuoddane
- Svivkollen
- Buktebakken
- Nordstøyl